

Den siste innspurten før opninga i morgon, 1. mai.

30.04.2018



Dugnadsgjengen gjer klar klatreparken med kantlist og fallunderlag.

Det er innspurten på klargjering av klatreparken før opninga på prosjektet Gull av Grus i morgon, 1. mai. 6 - 8 menn har vore samla til dugnad to dagar for å gjera klar klatreparken med kantlist og fallsikring. Steinar Haugland er leiar for denne gruppa og han gjer alt han kan for at alt skal vera på plass til opninga.

Det meste av klartreparken var ferdig godkjend og teken i bruk i haust. No gjeld detmontering av eit såkalla heimelaga klatrestativ, eit stort bøketre som ligg i eit fundament der greinene er klatrestativet. Til dette treng ein fallunderlag med godkjend grus.

Steinar Haugland understrekar at all grus i klatreparken må vera rein. Ingen må dra steinar, bildekk, bygningsmaterialar og andre gjenstandar inn i sjølve parken. Det kan i verste fall føra til skade dersom nokon har eit fall.



Fundamentet til bøkeklatrestativet vert runda og pussa i kantane for å unngå skade.

Tomta til eit redskapshus er gjort klar. Redskapsbua skal prefabrikerast på Trelastlageret. Ei eiga gruppe er ansvarleg for dette arbeidet. Vidare skal det såast til langs kantane. Noko skal asfalterast og småsteinen, som i dag ligg rundt fotballbanen, må bytast ut med noko som er meir stabilt.

Jan Tore Hylland har hatt all slådding sidan banen var ny. No har han bedd om avløyning. Audun Eik gjer denne jobben for tida med sin eigen ATV. Idrettslaget fekk midlar frå Sparebank1-stiftinga, Kvinnherad, til ATV/slåtteutstyr. Det er ikkje bestemt kva løysing det vert med slåtten i sommar.

Med dette ser alle fram til ei verdig og fin opning av Gull av Grus i morgon, 1. mai kl. 12. Før det, frå kl. 10, vert det sykkelquiz rundt dalen, med start/mål på skulen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det heimelaga klatrestativet i bøk vert prøvd før den store opninga i morgon.